



29 OKT 2009

Vår ref.: 2009/7740
Arkivnr.: 350

Dykkar ref:
Vår dato: 16.10.2009

Justis- og politidepartementet
Postboks 8500 Dep
0030 Oslo

JUSTISDEPARTEMENTET	
SAKSNR.:	30 OKT 2009 200904409
AVD/KONT/BEH:	RBA/RBAN/HAS
DOK.NR.	42
ARKIVKODE:	625

Høring - Forslag til framtidig organisering av naudmeldetenesta

Fylkesmannen i Rogaland har sett på forslaget til framtidig organisering av naudmeldetenesta (112-rapporten) som blei sendt til høring 10. juli.

I utgangspunktet er fylkesmannen i Rogaland positiv til berre eit naudnummer. Det vil vere enklare for brukarane å berre ha eitt nummer å halde seg til, i staden for tre. Det store talet på feilmeldingar viser at det er uvisse blant folk flest om kva naudnummer som høyrer til kva for ein etat. I tillegg har dei fleste andre land i Europa innført 112 som eit felles naudnummer. Det gjer at ein kan nå naudetatane same kor ein er i Europa ved å bruke same nummer. Likevel meiner vi at forslaget til ny organisering som er lagt fram, forslag C, ikkje er eit godt alternativ til ordninga i dag. Vi meiner at *alle* naudetatane må samlokalisertast for å få ei betre ordning.

Høyringsrapporten legg vekt på at den som ringer inn om ein situasjon berre skal forklare seg ein gong. For å unngå dette må alle tre etatane vere lokaliserte saman. Dersom alternativ C blir valt vil ein framleis måtte setje telefonen over til politiet.

I dag er det ei utfordring at politiet ofte ikkje når fram til ulukkesstaden før dei andre naudetatane er der. Dette gjer at dei andre naudetatane må ta over politiet si koordineringsrolle på ulukkestaden – noko som dei langt på veg ikkje har god nok kompetanse til. Vi kan ikkje sjå at dette blir betre av at politiet blir utanfor ein felles naudmeldesentral. Det vil berre ytterlegare sementere skilnaden mellom naudetatane.

112-rapporten viser til at trippelvarsling og samhandling er eit problem i dag. Fleire situasjonar krev aktiv innsats frå alle dei tre naudetatane. Fylkesmannen meiner at ei felles naudmeldeteneste der alle etatane er saman og rår over "felles" ressursar vil løyse dette. I forslag C skal naudmeldetenesta berre rå over akutte helse- og brannressursar, medan råderett over politiet sine ressursar framleis ligg i politiet sin operasjonssentral.

Fylkesmannen i Rogaland er og kritisk til berre sju eller åtte framtidige naudsentralar. Alle naudetatane har i dag ulike geografiske grenser som er usynlege for folk flest. Dei einaste regionale grensene som er godt kjente er fylkesgrensene. Etter vår oppfatning vil etableringa av nye store geografiske område ha innverknad på kvaliteten til tenesta. Vi meiner at operatørar og ressurskoordinatorar må ha god lokalkunnskap om til dømes geografi og lokale dialektar, for å kunne gjere ein god jobb. Sentralane bør derfor følgje fylkesgrensene slik at det er mogleg å ha god oversikt over området og dei innbyggjarane ein skal tene. Fleire sentralar vil og kunne redusere sårbarheita ved at telefonoppringingar kan omrutast ved problem i ein sentral.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Mange av meldingane som kjem inn til naudmeldingssentralane er feilmeldingar. Dette er eit problem som gjeld alle naudetatane. For at berre eit nummer skal fungere som naudnummer må det ryddast opp i dette. Vi vil ikkje ha ein situasjon der både aksesstid og responstid blir høgare grunna stor pågang av feilmeldingar.


Dersom ein først skal omorganisere naudmeldetenesta er det viktig at alle skal kunne bruke denne. Dette gjeld og personar som ikkje kan nytte seg av vanleg telefonar grunna funksjonshemming. Det må derfor leggest opp til auka brukarvennlegheita i den nye organiseringa.

Konklusjon


Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til eit felles naudnummer. Vi er likevel kritiske til alternativet som er foreslått, forslag C. Det er etter vår oppfatning berre ei full samordning av naudtenestene som vil gjere tilbodet betre for brukarane. Ved å gå for alternativ C meiner vi at omorganiseringa berre blir halvvegs. Dei samla ressursane blir ikkje godt nok utnytta, og kvaliteten på tenesta vil ikkje bli betre for brukarane enn ho allereie er i dag. Samordningseffekten blir dessutan borte sidan ikkje alle etatane er saman. På bakgrunn av dette meiner vi at alternativ D er den beste løysinga.

Fylkesmannen meiner og at den mest hensiktsmessige organiseringa av ei ny naudmeldetenesta er å følgje fylkesgrensene. Dette vil for dei aller fleste fylke vere eit passe geografisk område for å sikre god kjennskap til tenesteområdet.

Med helsing



Harald Thune



Jan Petter Stangeland
fung. avdelingsdirektør

Saksbehandlar: Grete Flåten
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 36
E-post: grete.flaten@fmro.no